

SULDAL KONTROLLUTVAL

INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Dato: tysdag 30. april 2019
Tid: kl. 10.00
Stad: Suldal kommunehus

Forfall melder du til: Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 52 75 73 53 eller mobil/sms 959 86 977, e-post: post@kontrollutvalgene.no

Ved forfall blir varamedlemmer kalla inn særskilt. Medlemmer som meina seg ugilde, må gi melding om dette slik at varamedlemmer kan innkallast. Sakskartet vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sende til medlemmer/varamedlemmer.

Rådmannen er invitert i sak 8 og 9 - representant frå elverket i sak 10

SAKLISTE:

07/19 Godkjenning av protokoll frå møte 14.02.19

08/19 Referat- og orienteringssaker 30.04.19

09/19 Suldal kommune – uttale til årsrekneskapen for 2018

10/19 Suldal elverk KF – uttale til årsrekneskapen for 2018

Ymse

Aksdal, 23.04.19

Vanja Ignjatic (sign.)
Kontrollutvalsleiar


Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Kopi: Ordførar	(møte- og talerett)
Revisor	(møte- og talerett)
Rådmann	(invitert i sak 8 og 9)
Varamedlem	(til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	30.04.19	07/19
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 14.02.19

Vedlegg: protokoll frå kontrollutvalsmøte 14.02.19

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 14.02.19 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og er oversendt kommunen slik han ligg føre. Det er ikkje kommet merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen godkjennast formelt i dette møtet, og utvalsleiar eller evt. møteleiar vil så signere protokollen.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 14.02.19 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 23.04.19



Odd Gunnar Høie

Seniorrådgjevar/utvalssekretær

SULDAL KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Torsdag 14. februar 2019 blei det halde møte i Suldal kontrollutval under leiing av leiar Vanja Ignjatic.

MØTESTAD:	Suldal kommunehus, formannskapssalen
MØTESTART-MØTESLUTT:	kl. 10.10 – 12.00, inkl. pause
MØTANDE MEDLEMMER:	Vanja Ignjatic (H), Eldbjørg Sivertsen (Uavh.), Otto Underbakke (H), Berit Myrland (SV) og Tormod Skeie (SV)
FORFALL:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Seniorrådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor Ståle Opedal, Rogaland Revisjon IKS
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Rådmann Øyvind Valen i sak 3, kommunekasserar Arnfinn Gundersen og leiar for servicetorget Turid Vaage i sak 2
ANDRE SOM MØTTE:	Suldalsposten
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Sakene blei handsama i denne rekkefylgja: Sak 1, 2, 5, 6, 3, 4 og tre Ymse saker

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 01/19 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 08.11.18

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 08.11.18 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 14.02.19:

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.02.19:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 08.11.18 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 02/19 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 14.02.19

1. Orientering om IKT og informasjonstryggleik v/rådmannen
2. Statusoversikt pr. februar 2019
3. Tertialrapport pr. 31.12.18 frå Rogaland Revisjon IKS
4. Årsrapport og skatterekneskap 2018 frå Skatteoppkrevjaren i Suldal
5. Oversikt over statlege tilsyn i 2019 – frå Fylkesmannen i Rogaland
6. Protokoll frå representantskapsmøtet i Haugaland Vekst IKS 20.12.18
7. Evaluering/oppsummering av høstkonferansen i Sandnes 22.11.18
8. Sivilombudsmannen om lukking av møter i kontrollutvalg 07.11.18
9. Kom. rapport 15.01.19 – prof. Bernt svarer – valg av representantskap til et IKS
10. Forvaltningsrevisjon utvikler lokaldemokratiet - Kommunal Rapport 31.01.19

Handsaming i kontrollutvalet 14.02.19:

Pkt. 1 – orientering om IKT og informasjonstryggleik

Arnfinn Gundersen gjorde greie for korleis datanettverket til kommunen er bygd opp.
Turid Vaage gjorde greie for postlister og innsynsordninga.

Leiar gjorde greie for referatsakene 2 -10. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.02.19:

Referatsakene 1 - 10 blir tatt til orientering.

SAK 03/19 OPPFØLGING AV REVISJONSRAPPORT – «FORENKLING, FORBETRING OG EFFEKTIVISERING»

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av rapporten om «Forenkling, forbedring og effektivisering» til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 14.02.19:

Utvalet var nøgd med rådmannen si tilbakemelding og svar på spørsmål dei fekk i møtet.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.02.19 og innstilling til kommunestyret:

Suldal kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av rapporten om «Forenkling, forbedring og effektivisering» til orientering.

SAK 04/19 TINGING AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONS- PROSJEKT – «KLIMA OG ENERGIPLAN»

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kontrollutval tingar ein revisjonsrapport om «Klima og energiplan» i samsvar med vedlagte prosjektmandat/med dei endringane som kjem fram i møtet.

Oppdraget tingast frå Rogaland Revisjon IKS innanfor ei rame på 180 timar.

Handsaming i kontrollutvalet 14.02.19:

Utvalet var nøgd med prosjektplanen, men ønskte å leggje til to problemstillingar:
Har planen skapt involvering og engasjement?
Er det mogleg å etterprøve planen?

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.02.19:

Suldal kontrollutval tingar ein revisjonsrapport om «Klima og energiplan» i samsvar med vedlagte prosjektmandat og med følgjande tilleggsproblemstillingar:

*Har planen skapt involvering og engasjement?
Er det mogleg å etterprøve planen?*

Oppdraget tingast frå Rogaland Revisjon IKS innanfor ei rame på 180 timar.

SAK 05/19 REVISOR SI EIGENERKLÆRING

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Suldal tar den framlagde eigenerklæring frå registrert revisor Tore Kristensen, Rogaland Revisjon IKS, til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 14.02.19:

Utvalet hadde ingen merknader til eigenerklæringa.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.02.19:

Kontrollutvalet i Suldal tar den framlagde eigenerklæring frå registrert revisor Tore Kristensen, Rogaland Revisjon IKS, til orientering.

SAK 06/19 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2018

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2018 (med eventuelle endringar som kjem fram i møtet).

Innstilling til kommunestyret:

Suldal kommunestyre tek årsmeldinga for 2018 frå kontrollutvalet til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 14.02.19:

Utvalet slutta seg til framlegget utan endringar.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.02.19:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2018.

Innstilling til kommunestyret:

Suldal kommunestyre tek årsmeldinga for 2018 frå kontrollutvalet til orientering.

YMSE

Fakturerings i etterkant av dødsfall

Tormod Skeie ønske, med bakgrunn i ein telefon frå ein innbyggjar, at rådmannen i neste møte orienterer om rutinar rundt fakturering for avlidne personar. I ei konkret sak hadde pårørande fått ei større rekning 2 år etter dødsfallet. Utvalet slutta seg til framlegget.

Arbeidsmiljølova og tilsettingar

Eldbjørg Sivertsen ønske, med bakgrunn i ein telefonsamtale frå ein innbyggjar, at rådmannen i neste møte orienterer om kommunen sine rutinar for tilsetting når mindre stillingar (stillingsbrøkar) blir auka. I ei konkret sak meinte ein tilsett seg forbigått og at arbeidsmiljølova ikkje var følgt. Utvalet slutta seg til framlegget.

Suldal Bad

Medlemmene drøfta, etter initiativ frå Tormod Skeie, om utvalet burde undersøke byggeprosessen av Suldal Bad. Utvalet vart samd om å vente til anlegget var ferdig og eventuelt sjå nærare på saka i etterkant.

Neste møte: tysdag 30.04.19, kl. 10.00

Sand/Aksdal, 14.02.19

Vanja Ignjatic
Leiar



Odd Gunnar Høie
Kontrollutvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	30.04.19	08/19

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 30.04.19

- 11. Orientering om fakturering i etterkant av dødsfall v/rådmannen
- 12. Orientering om arbeidsmiljølova og tilsettingar v/rådmannen
- 13. Statusoversikt pr. april 2019
- 14. Kontrollrapport 2018 vedkomande skatteoppkrevjaren for Suldal kommune
- 15. Protokoll frå representantskapsmøte 10.04.19 – IKA IKS
- 16. Representantskapsmøte 06.05.19 – Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS
- 17. Representantskapsmøte 30.04.19 – Haugaland Vekst IKS
- 18. Representantskapsmøte 26.04.19 – Haugaland brann og redning IKS

Saksorientering:

Sakene blir lagde fram for kontrollutvalet til orientering.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Referatsakene 11 - 18 blir tatt til orientering.

Aksdal, 23.04.19

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

Suldal kommune
v/rådmannen
Eidsvegen 7
4230 SAND

Dykkar ref.	Dykkar dato	Vår ref.	Dato
		19/83/33/ogh	19.02.19

OVERSENDELSE AV VEDTAK I KONTROLLUTVALGET

Vedlagt følger særutskrift fra møtet i Suldal kontrollutvalg 14.02.19, sak Ymse.

Kontrollutvalget gjorde følgende vedtak i saken:

Fakturering i etterkant av dødsfall

Tormod Skeie ønske, med bakgrunn i ein telefon frå ein innbyggjar, at rådmannen i neste møte orienterer om rutinar rundt fakturering for avlidne personar. I ei konkret sak hadde pårørande fått ei større rekning 2 år etter dødsfallet. Utvalet slutta seg til framlegget.

Arbeidsmiljølova og tilsettingar

Eldbjørg Sivertsen ønske, med bakgrunn i ein telefonsamtale frå ein innbyggjar, at rådmannen i neste møte orienterer om kommunen sine rutinar for tilsetting når mindre stillingar (stillingsbrøkar) blir auka. I ei konkret sak meinte ein tilsett seg forbigått og at arbeidsmiljølova ikkje var følgt. Utvalet slutta seg til framlegget.

Neste møte i Suldal kontrollutvalg er tirsdag 30.04.19. Sekretariatet ber om å få eventuelt skriftlig materiale som skal følge saken i god tid før møtet, og senest 23.04.19.

Dersom det er spørsmål, ta gjerne kontakt direkte med utvalgssekretær på tlf. 52 75 73 53 eller e-post: ogh@kontrollutvalgene.no

Med helsing
Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS

Odd Gunnar Høie (sign.)
Utvalgssekretær

Vedlegg: særutskrift sak Ymse 14.02.19

Til kontrollutvalet i Suldal kommune.

Notat om etterberekningsrutinane for vederlagsberekning på sjukeheimen.

Eg har forstått at det er komme klage til kontrollutvalet , over sein utføring av etterberekninga for 2017. Eg vil difor beskrive rutinane og arbeidet med etterberekninga.

Når det er dødsfall på sjukeheimen, og det gjeld person som har vært på vederlagsbetaling, sendast det innan ei veke eller to ut eit brev til den som har hatt ansvar for økonomien, eller næraste pårørende om personen har hatt ansvaret sjølv. Brevet har ein standardtekst som går som følger:

«Me har fått melding om at xxxxx døyde xxxxx.

Me vil med dette informere om at det vil bli fakturert fram til dødsdato.

Me gjer og merksam på at det kjem ei etterberekning for opphaldet når likning for året føreligg. Om de ynskjer å gjere opp buet, er det høve til å be likningskontoret om førehandslikning. Likninga må då sendast til underteikna for avrekning.»

Ikkje mange, men nokre, vel å sende oss førehandslikning. Då etterbereknar vi fortløpande.

Dei andre namna blir ståande på ei felles liste, saman med dei som fortsatt er innlagde her. På forsommaren sender vi ei liste til skattemyndigheitene, med namn på dei me treng likninga til. Dei sender oss opplysingane. Denne kommunikasjonen er blitt meir tungrodd etter at skattekontoret blei sentralisert. Det har vært fleire forsinkingar, og i år var det ekstra vanskeleg. Det er oftast ein eller to månader før dette, men ikkje alltid.

Skatt vest fekk første brevet frå oss i slutten av juni 2018. Første sending frå dei inneheldt denne gang berre skatten, og ikkje inntektsgrunnlaget. I 2018 måtte eg kontakte dei og purre uvanleg mange ganger før alt var på plass seint i oktober. Nokre av likningane er seint ferdige, men vi pleier å få dei fleste i betre tid, og så nokre få til slutt. Når vi fekk materialet inn, blei etterberekninga gjort og brev sendt i posten til alle innan ei veke.

Kommunen sender slike rekningar/ utbetalningar ut 20. i kvar md. Det betyr at dei fekk rekninga/ utbetalinga 20. november, med evt betalingsfrist 20. desember 2018. Det er klart at det kjennest seint, særleg om det gjeld ein person som døyde tidleg i 2017.

Det finst dataprogram som gjer at vi kan hente likninga rett inn gjennom journalen her. Det har vært så mykje problem i dette systemet andre plassar, at vi blei anbefalte av leverandøren å vente på oppjustering av programvaren før vi kjøpte dette. Nå skal feila være retta, og eg reknar med at innan neste etterberekning kan vi hente data utan å måtte bruke brevsending. Likninga må likevel være ferdig utrekna, før vi kan føreta våre berekningar.

Sand 15.02.2019

Nora Thorbjørnsen

Einingsleiar sjukeheimen



Kontrollutvalet - statusoversikt april 2019

Saker frå bestilling til handsaming i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
Klima og energiplan	14.02.19	180 timar	Under utarbeiding	Hausten 2019	
Eigarskapsforvaltning	08.11.19	150 timar	Under utarbeiding	06.06.19	
Selskapskontroller					

Saker under politisk handsaming eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama i KST	Planlagt oppfølging	Merknader
Oppfølging av politiske vedtak	09.11.17	06.09.18	18.09.18	06.06.19	200 timar

Avslutta prosjekt

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama i KST	Følgd opp i KU/KST	Merknader
Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2019	23.09.15	26.04.16	14.06.16		
Plan for selskapskontroll 2016-2019	23.09.15	15.09.16	18.10.16		
Styring av byggeprosjekt	14.11.12/ 25.04.13	21.11.13	04.02.14	11.02.15/ 19.05.15	
Arbeidsgjevarrolla	21.11.13	19.06.14	09.09.14	29.04.15/ 19.05.15	
Plan- og byggesaker	19.06.14	11.02.15	17.03.15	28.01.16	
Legetenesta i Suldal kommune	11.02.15	23.09.15	03.11.15	15.09.16/ 13.12.16	
Pleie og omsorg	15.09.16	16.02.17	21.03.17	01.02.18/ 22.03.18	
Forenkling, forbedring og effektivisering	25.04.17	26.04.18	15.05.18	14.02.19/ xx.xx.19	
Selskapskontroller					



Datoen vår
01.02.2019

Datoen din/dykkar

Sakshandsamar
Oddmund Midtbø

800 80 000
Skatteetaten.no

Referansen din/dykkar

Telefon
99166232

Org.nr
974761076

Referansen vår
2019/5248473

Postadresse
Postboks 9200 Grønland
0134 OSLO

Kommunestyret i Suldal kommune
Eidsvegen 7
4230 SAND

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 13.02.19
Journalført: 19/781 Ogh
Arkivkode: 232

Kontrollrapport 2018 vedkomande skatteoppkrevjaren for Suldal kommune

1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjaren

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følgjer av skattebetalingslova og "Instruks for skatteoppkrevjarar" av 8. april 2014.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt overfor skatteoppkrevjarane. Det betyr at skattekontoret:

- pliktar å gje rettleiing og bistand i faglege spørsmål
- gjennom mål- og resultatstyring søker å leggje til rette for best mogeleg resultat
- utfører kontroll av skatteoppkrevjaren

Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarane er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 1. januar 2014. Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarane er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 16. mai 2018.

Føremålet med kontrollen er å avklare:

- om skatteoppkrevjaren har ein tilfredsstillande internkontroll for utføringa av sine gjeremål
- om føring av rekneskapen, rapportering og avlegging av årsrapporten og årsrekneskapen samsvarar med gjeldande regelverk
- om utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfylgjing av restansane samsvarar med gjeldande regelverk
- om utføringa av arbeidsgjevarkontrollen samsvarar med gjeldande regelverk

2. Om skatteoppkrevjaren

Sum årsverk i samsvar med skatteoppkrevjaren sine årsrapportar:

Tal årsverk 2018	Tal årsverk 2017	Tal årsverk 2016
1,3	1,3	1,3

3. Måloppnåing

Skatte- og avgiftsinngang

Skatteoppkrevjaren sin frist for avlegging av årsrekneskapen og årsrapporten er 20. januar 2019. Skattekontoret har motteke rekneskapen innan fastsett frist.



Årsrekneskapen for Suldal kommune viser per 31. desember 2018 ein endeleg skatte- og avgiftsinngang¹ til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) og vidaresending plassering mellom kommunar på kr 583 132 535 og uteståande restansar² på kr 2 210 400, av dette krav stilla på vent kr 262 731.

Innkrevjingsresultat

Tabellen viser innkrevjingsresultata per 31. desember 2018 for Suldal kommune.

	Resultatkrav 2018 (i %)	Innbetalt av sum krav 2018 (i %)	Innbetalt av sum krav 2017 (i %)	Innbetalt av sum krav for regionen 2018 (i %)
Restskatt personlege skattytarar 2016	96,7	98,3	97,7	96,7
Forskotstrekk 2017	99,9	100,0	100,0	100,0
Forskotsskatt personlege skattytarar 2017	99,0	99,9	99,9	99,6
Forskotsskatt upersonlege skattytarar 2017	99,8	100,0	100,0	99,2
Restskatt upersonlege skattytarar 2016	99,0	99,9	100,0	97,3
Arbeidsgjevaravgift 2017	99,8	100,0	100,0	99,9

Resultat for arbeidsgjevarkontrollen

Skatteoppkrevjaren for Suldal kommune er tilslutta kontrollordninga Haugaland interkommunale arbeidsgjevarkontroll.

Resultat for kommunen per 31. desember 2018 viser i følgje skatteoppkrevjaren sin resultatrapportering:

Tal Arbeidsgjevarar i kommunen/ kontrollordninga	Minstekrav tal kontrollar (5 % av arbeidsgjevarane)	Tal utførte kontrollar i 2018	Utførte kontrollar 2018 (i %)	Utførte kontrollar 2017 (i %)	Utført kontroll 2018 region (i %)
130	7	12	9,2%	5,4%	4,6%

4. Skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjaren

Skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarane i regionen vert utført i samsvar med ei årleg plan, der behovet for kontroll av områda skatterekneskap, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll vert vurdert overordna for kvar skatteoppkrevjar. Samtlege områder vil derfor nødvendigvis ikkje verte kontrollert kvart år.

Skattekontoret har for 2018 utført kontorkontrollar av skatteoppkrevjaren for områda skatterekneskap, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll.

Det er ikkje gjennomført stadleg kontroll i 2018.

¹ Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

² Sum opne (ubetalte) forfalne debetkrav

**Skatteoppkrevjaren sin overordna internkontroll**

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av årsrekneskapen

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av årsrekneskapen i det alt vesentlege samsvarar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvisst uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

Skatte- og avgiftsinnkreving

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege samsvarar med gjeldande regelverk.

Arbeidsgjevarkontroll

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege samsvarar med gjeldande regelverk.

Med helsing

Jan Kåre Strøm
Skatteetaten

Oddmund Midtbø

For ettertida kan spørsmål til Skatteetaten om oppfølging av skatteoppkrevjarene rettast til:

- oppfolging-skatteoppkrever@skatteetaten.no for skattereknskaps- og innkrevjingsområdet
- SKOstyringAGK@skatteetaten.no for arbeidsgjevarkontrollområdet

Kopi til: Skatteoppkrevjaren for Suldal kommune
Kontrollutvalet for Suldal kommune
Rådmann/administrasjonssjef i Suldal kommune
Riksrevisjonen

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje håndskrivne signaturar.

PROTOKOLL

10. april 2019 ble det avholdt møte i representantskapet ved Interkommunalt Arkiv i Rogaland IKS i Arkivenes Hus i Richard Johnsens gate 12 i Stavanger.

SAKSLISTE:

01/19	Godkjenning av møteinnkalling og saksliste
02/19	Valg av leder og nestleder av representantskapet
03/19	Valg av referent og to representanter til å underskrive protokollen
04/19	Godkjenning av regnskap 2018
05/19	Godkjenning av årsmelding 2018
06/19	Godkjenning av budsjett og tilskudd for 2020
07/19	Godkjenning av økonomiplan for perioden 2020-2023
08/19	Valg av styre for 2019/20
09/19	Valg av valgkomite for 2019/20
10/19	Endring av selskapsavtalen
11/19	Strategiplan 2019-2022
12/19	Innkomne saker

DELTAKERLISTE:

1	Bjerkreim kommune	Marthon Skårland
2	Forsand kommune	Ole Tom Guse
3	Gjesdal kommune	Linn Kristin Haga
4	Haugesund kommune	Gudrun Caspersen
5	Hjelmeland kommune	Kirsten Hansson
6	IVAR IKS	Eli Apell
7	Karmøy kommune	Morten Veia
8	Klepp kommune	Siri-Mona Damsgård
9	Randaberg kommune	Per Arne Nyvoll
10	Rennesøy kommune	Eva Finnesand Hodnefjell
11	Rogaland fylkeskommune	Lin Øiesvold
12	Sandnes kommune	Ernst Lapin
13	Sauda kommune	Tone Storesund
14	Sokndal kommune	Arild Urdal
15	Sola kommune	Jørund Ubøe Soma
16	Strand kommune	Marie Stokka
17	Suldal kommune	Valen, Øyvind
18	Time kommune	Egil Sølvberg
19	Vindafjord kommune	Magne Inge Vårvik

Styret: Jon Ola Syrstad (leder)
IKA: Tor Ingve Johannessen (daglig leder)
 Monica Hodnefjell Tungland

MØTET SATT:

Kl. 11:00

Daglig leder Tor Ingve Johannessen orienterte om programmet for dagen.
Representantskapets leder Ole Tom Guse ønsket velkommen.

MØTEBEHANDLING:

- Sak 01/19 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste**
Møteinnkalling og saksliste ble godkjent.
- Sak 02/19 Valg av leder og nestleder av representantskapet**
Daglig leder foreslo Ole Tom Guse, Forsand kommune som leder, og Gro A. Steine, Kvitsøy kommune som nestleder. Ingen motkandidater ble lansert, og de foreslåtte representantene ble enstemmig valgt.
- Sak 03/19 Valg av referent og to representanter til å underskrive protokollen**
Monica Hodnefjell Tungland ble valgt til referent. Linn Kristin Haga, Gjesdal kommune og Egil Sølvberg, Time kommune ble valgt til å undertegne protokollen.
- Sak 04/19 Godkjenning av regnskap 2018**
Regnskapet og årsberetningen ble godkjent uten merknader.
- Sak 05/19 Godkjenning av årsmelding for 2018**
Årsmelding ble godkjent uten merknader.
- Sak 06/19 Godkjenning av budsjett og tilskudd for 2020**
Budsjett og tilskudd ble godkjent uten merknader.
- Sak 07/19 Godkjenning av økonomiplan for perioden 2020-2023**
Økonomiplanen ble godkjent uten merknader.
- Sak 08/19 Valg av styre for 2019/2020**
Valgkomiteens innstilling var som følger:
- | | |
|---------------|--|
| Leder | Jon Ola Syrstad, Strand kommune |
| Nestleder | Gro Anita Trøan, Eigersund kommune |
| Styremedlem | Tone M. Haugen, Randaberg kommune |
| Styremedlem | Jarle Nilsen, Karmøy kommune |
| 1. Varamedlem | Lisa Reime Helgeland, Hå kommune |
| 2. Varamedlem | Ole Bernt Torbjørnsen, Haugesund kommune |
| 3. Varamedlem | Annette Bokneberg, Bokn kommune |
| 4. Varamedlem | Ørjan Daltveit, Bjerkreim kommune |

Beate Aasen Bøe er valgt som de ansattes representant i styret.

Valgkomiteens innstilling til styre for 2019/2020 ble godkjent uten merknader.

Sak 09/19

Valg av valgkomité for 2019/2020

Styrets innstilling til valgkomité:

Lin Øiesvold, Rogaland fylkeskommune (leder)

May Britt Berg, Karmøy kommune

Reidar Håland, Hå kommune

Styrets innstilling til valgkomité for 2019/2020 ble godkjent uten merknader

Sak 10/19

Endring av selskapsavtalen

De foreslåtte endringene i selskapsavtalen ble godkjent uten merknader.

Sak 11/19

Strategiplan 2019-2022

Strategiplanen ble godkjent uten merknader.

Sak 12/19

Innkomne saker

Ingen innkomne saker.

MØTE HEVET:

Kl. 12.00


Stavanger 10. april 2019




Ole Tom Guse
Representantskapets leder



Linn Kristin Haga
Medundertegner



Egil Sølberg
Medundertegner



Monica H. Tungland
Referent

Representantskapsmøte Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS

mandag 6. mai 2019 kl. 17.00

Sted: Tysvær rådhus, kantinen
Servering: Rundstykker og kaffe/te
Forfall meldes til: Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 52 75 73 50 eller
Mobil 95 98 69 79 *post@kontrollutvalgene.no*

Det ønskes tilbakemelding fra hver enkelt representant om de har anledning til å møte eller om de må melde forfall. Vennligst gi beskjed **snarest og innen 23. april**, slik at evt. vararepresentanter kan varsles.

Da enkelte representanter har lang reise før og etter møtet, er det viktig at møtet er beslutningsdyktig, dvs. at minst to tredjedeler av representantene er til stede.

I etterkant av møtet vil daglig leder orientere om kontrollutvalgenes aktivitet i fjor, om bestilte rapporter innen forvaltningsrevisjon/selskapskontroll og spørsmål rettet til administrasjonen.

Til behandling foreligger:

- 1/19 Godkjenning av innkalling og sakliste
- 2/19 Godkjenning av protokoll fra representantskapsmøtet 23.04.18
- 3/19 Godkjenning av styrets beretning og årsmelding 2018
- 4/19 Godkjenning av årsregnskapet for 2018
- 5/19 Strategiplan 2018-2022
- 6/19 Budsjett 2020
- 7/19 Økonomiplan 2020-2023
- 8/19 IKA Rogaland IKS - endring av selskapsavtalen
- 9/19 Styrehonorar 2020
- 10/19 Referat- og orienteringssaker

Eventuelt

Aksdal 11.04.19

Olav Haugen (sign.)
leder

Toril Hallsjø (sign.)
daglig leder

Kopi: Vararepresentanter
Medlemskommunene v/postmottak
Styret
Revisor (KPMG AS)

**Innkalling til møte i representantskapet
for Haugaland Vekst IKS**

DATO/TID: Tirsdag 30.04.19

STED: Fatland, Ølen

TID: 09.00-10.00

Haugaland
Kontrollutvalgsssekretariat IKS
Mottatt dato: 06.04.19
Journalført: 19/113/096
Arkivkode: 217

Sakliste:

Sak 01/19: Valg av møteleder

Sak 02/19: Godkjenning av innkalling og dagsorden

Sak 03/19: Behandling av årsregnskap 2018

Saksdokumentene til sak 03/19 ettersendes etter at styret har behandlet saken.

Ole Bernt Thorbjørnsen
styreleder

K. Tormod Karlsen
adm.dir.



Haugaland brann og redning iks

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS

Mottatt dato: 01.04.19

Journalført: 19/112/ogk

Arkivkode: 27

18

Møteinnkalling

for

representantskapet for Haugaland brann og redning iks

Møtested: Haugesund, Dikterveien 8

Møtedato: 26.04.2019

Tid: 09⁰⁰-12⁰⁰

Ved forfall skal varamedlem møte. Hvis ikke medlem eller varamedlemmet kan møte skal dette meldes brannsjef.

SAKSLISTE

Sak nr	Tittel	Saksbehandling
19/001	Godkjenning av innkalling og saksliste	Vedtak
19/002	Godkjenning av protokoll	Vedtak
19/003	Årsmelding 2018	Vedtak
19/004	Regnskap 2018	Vedtak
19/005	Operasjonalisering, plan for fremdrift	Vedtak
19/006	Økonomi- og handlingsplan med investeringsbudsjett	Vedtak
19/007	Lokale forskrifter	Tilråding
19/008	Priser og gebyr	Tilråding
19/009	Status Haugesund kommune sin uttredelse av HBR	Orientering
19/010	Styreevaluering	Orientering
19/011	Val av styre	Vedtak
19/012	Eventuelt	-

Sted: Haugesund

Dato: 31.03.2019

Gerd Helen Bø
representantskapsleder

Dag Botnen
brannsjef

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr.
Kontrollutvalet	30.04.19	09/19
Formannskapet	02.05.19	
Kommunestyret	14.05.19	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	212	

SULDAL KOMMUNE – UTTALE TIL ÅRSREKNESKAPEN FOR 2018**Vedlegg:**

1. Framlegg til uttale frå kontrollutvalet til årsrekneskapen 2018
2. Revisjonsmelding 2018 frå Rogaland Revisjon, dagsett 15.04.19
3. Årsoppgjersnotat 2018 frå Rogaland Revisjon, dagsett 16.04.19
4. Hovudoversyn – rekneskapen 2018
5. Årsmelding for 2018 (ikkje mangfaldiggjort – eige hefte)

Innleiing:

Vedlagt følgjer signert revisjonsmelding dagsett 15.04.19 (vedlegg 2), og årsoppgjersnotat 2018, dagsett 16.04.19 frå Rogaland Revisjon IKS og framlegg til uttale frå kontrollutvalet (vedlegg 1). Årsrekneskapen og årsmeldinga for 2018 ligg på kommune sine heimesider. Forutan revisor vil rådmannen delta under handsaminga av saka.

Bakgrunn:

Det går fram av føreskrift om kontrollutval § 7 at kontrollutvalet skal gi uttale om årsrekneskapen:

Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgi uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget. Uttalelsen avgis til kommunestyret eller fylkestinget. Kopi av uttalelsen skal være formannskapet / kommunerådet eller fylkesutvalget/fylkesrådet i hende tidnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret/fylkestinget.

Det er ikkje eit krav om at kontrollutvalet handsamer årsmeldinga, men denne skal følgje med som sakstilfang til saka, og det skal merkast om det er vesentlege avvik mellom årsmeldinga og rekneskapen.

Kommunestyret skal vedta både årsrekneskap og årsmelding i same møte. Årsrekneskapen skal vedtakast etter innstilling frå formannskapet. Om årsrekneskap og årsmelding (for kommuner og fylkeskommuner) står det følgjande i Forskrift om årsrekneskap og årsberetning § 10:

Årsregnskapet og årsberetningen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget sjølv senest seks måneder etter regnskapsårets slutt.

Årsregnskapet skal være avlagt av fagsjef for regnskap innen 15. februar i året etter regnskapsåret.

Administrasjonssjefen eller kommune-/fylkesrådet utarbeider årsberetningen, og fremmer denne for det organ kommunestyret eller fylkestinget bestemmer. Årsberetningen skal avgis uten ugrunnet opphold, og senest innen 31. mars. Hvis årsberetningen ikke fremmes for kontrollutvalget, skal den oversendes til kontrollutvalget før kontrollutvalget avgir uttalelse til årsregnskapet. Årsberetningen skal foreligge til behandling i kommunestyret eller fylkestinget samtidig med at årsregnskapet skal behandles.

Der det er vesentlige avvik mellom utgifter i årsregnskapet og bevilgning til formålet i regulert budsjett, skal det redegjøres for avviket. Tilsvarende gjelder ved avvik mellom inntekter i årsregnskapet og regulert budsjett.

Administrasjonssjefen eller kommune-/fylkesrådet skal vurdere tiltak for å bedre den økonomiske oppfølgingen gjennom året dersom det oppstår vesentlige avvik fra regulert budsjett.

Etter forskrifta § 8 skal også kontrollutvalet sjå etter at revisjonen sine merknader (i revisjonsmelding og/eller i årsoppgjersbrev/notat) blir følgt opp.

I Forskrift om kontrollutval § 7 heiter det at kontrollutvalet skal gi uttale om årsrekneskapen før den vert vedtatt av kommunestyret. Uttalen gis til kommunestyret. Kopi av uttalen skal vera formannskapet i hende tidsnok til at det kan tas omsyn til den før dette organet gir innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret. Rekneskapen må derfor først leggjast fram for kontrollutvalet.

Kontrollutvalet skal og sjå til at revisors merknader i forhold til rekneskapet (årsoppgjersnotat) vert fylgt opp – dette i samsvar med Kontrollutvalsforskrifta § 8.

Grunnlag for kontrollutvalet sin uttale:

Grunnlaget for handsaminga i kontrollutvalet er den avlagde årsrekneskapen og notar, revisjonsmeldinga, revisor sitt årsoppgjersnotat til rådmannen og rådmannen si årsmelding.

Årsrekneskapen med notar

Rekneskapen syner eit **brutto driftsresultat** (tilhøvet mellom driftsutgifter inkl. avskrivningar og driftsinntekter inkl. skatteinntekter og rammeoverføringar) på 35,6 mill.

Netto driftsresultat er brutto driftsresultat justert for finansinntekter og finanskostnader. Netto driftsresultat blei på 61,5 mill. mot regulert budsjett på 46,5 mill. Det utgjer 10,7 % som er godt over anbefalt nivå på 1,75 %.

Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene blir nytta som et mål på økonomisk handlingsfridom. Teknisk berekningsutval (TBU) anbefaler at denne storleiken over tid bør liggje på rundt 1,75 prosent. Kommunen sitt snittdriftsresultat for 2018 er dermed svært solid og godt øve TBU sitt anbefalte nivå.

Sum utgifter i investeringsrekneskapen i 2018 er på 92,3 mill. Justert for finanstransaksjoner og inntekter er finansieringsbehovet på 74,9 mill. Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse.

Totalt sett er rekneskapen gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk (driftsoverskot) på kr 13,5 millionar. Investeringsregnskapet er fullfinansiert og går i balanse.

Det er utarbeidd notar som gjev god informasjon og forklaring til tala i rekneskapen. For at rekneskapen skal gje brukarane så god informasjon som mogleg er det viktig at tala i rekneskapen blir supplerte med notar som tydeleg syner kva element i årsrekneskapen dei knyter seg til.

Årsmelding

Etter lova skal det leggjast fram ei årsmelding som skal gi opplysningar om tilhøve som ikkje går fram av rekneskapen og som er viktige i vurderinga av kommunen si økonomiske stoda og resultatet av verksemda, samt om andre forhold av vesentleg tyding for kommunen.

Årsmeldinga skal i følgje årsrekneskap- og årsberetningsforskrifta vere klar innan 31. mars. Det er krav om at rådmannen skriv noko om kva som er gjort eller om dei planar som er laga innanfor arbeidet med **eigenkontroll** og arbeidet med å heve **etikken** i kommunen. Det skal også skrivast noko om faktiske tilstand når det gjeld **likestilling** i kommunen.

Årsrapporten gir utfyllande opplysningar til det talmateriale som går fram av rekneskapen. Forklaringar på avvik er gjort nærare greie for i rapporten.

I årsrapporten har rådmannen kome med mellom anna følgjande kommentar om økonomien:

Suldal kommune hadde eit godt år i 2018 med eit netto driftsresultat på 10,7 prosent. Det var budsjettert med eit netto driftsresultat på 2,2 prosent. Etter å ha hatt reduserte inntekter i fleire store postar dei siste åra, slo dette året til med fleire inntekter som me ikkje kan rekna med blir faste. Det meste av auken kjem av meir inntekter/ overføring enn budsjettert frå

- *sal av konsesjonskraft*
- *naturressursskatt*
- *midlar frå Havbruksfondet*
- *ekstra uttak frå Suldal Elverk*
- *mindre bruk/meir inntekter einingane*

Det som kom her utover opphøveleg budsjett kunne aleine utgjere 4,5 % av totale inntekter. I tillegg har områda totalt vore dyktige til å halda budsjettet kommunestyret har vedteke. Utgiftene har berre auka med 2,5 % frå 2017 til 2018, inntektene har auka med 6,1 %. Det meste av meirinntektene er avsett på disposisjonsfond, kommunikasjonsfond og bufferfond sal av konsesjonskraft. «Svingingane» i sal av konsesjonskraft år for år har gjort det vanskeleg å budsjettera desse. Avsetjinga til bufferfond gjer det mogleg å i framtida budsjettera med stabilt meir sal av konsesjonskraft, då bufferfondet vil kunne dekkja inn eventuelt mindre sal enn budsjettert. Det er ikkje teke opp nye lån til investeringar i 2018.

Generelt om innhaldet i ei revisormelding

Atterhald vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som påverkar revisor sin konklusjon på den totale rekneskapen. Presisering vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som ikkje påverkar revisor sin konklusjon om rekneskapen totalt.

Revisor si revisjonsmelding

Revisjonen har lagt fram si revisjonsmelding innafor lovfastsett frist, som er 15. april. Revisor har avlagt såkalla rein melding, dvs. utan etterhald eller presiseringar.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31. desember 2018, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med lov, forskrifter og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Meldinga frå revisor dannar grunnlaget for om den oppfølginga kontrollutvalet eventuelt må foreta i medhald av føreskrifta § 8. Kontrollutvalet må vurdere om dei vil ha tilbakemelding frå administrasjonen på merknaden i meldinga eller noko av det revisjonen tar opp i møtet.

Kontrollutvalet sin uttale


Vedlagt saka følgjer sekretariatet sitt framlegg til uttale til årsrekneskapen (vedlegg 1).

Kontrollutvalet må vurdere om det er forhold i rekneskapen dei vil kommentere i sin uttale til kommunestyret, basert på dokumenta i saka og orientering gjeve i møtet.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Suldal vedtek uttale til kommunerekneskapen for 2018 slik den ligg føre / med desse endringane / tillegg.....

Aksdal, 23.04.19



Odd Gunnar Høie

Seniorrådgjevar/utvalssekretær

Til kommunestyret i Suldal

Kontrollutvalet sin uttale om Suldal kommune sin årsrekneskap for 2018

Innleiing

Kontrollutvalet har i møte 30.04.19, sak 09/19 handsama Suldal kommune sin årsrekneskap for 2018.

Rekneskapen består av driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversyn, noteopplysningar og pliktige budsjettopplysningar.

Grunnlaget for uttalen

Grunnlaget for handsaminga har vore den avlagde årsrekneskapen med notar, revisjonsmeldinga, revisoren sitt årsoppgjærdsbrev og rådmannen sin årsrapport. I tillegg har revisor og rekneskapsansvarlege supplert kontrollutvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar under handsaminga av årsrekneskapen i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet sin uttale:

Suldal kommune sin årsrekneskap for 2018 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskott på 13,5 millionar kroner.

Kontrollutvalet har merka seg at rekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat med 61,5 millionar kroner. Det utgjer 10,7 %, som er godt over tilrådd nivå på 1,75 %.

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2018 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.18.

Ut over dette har kontrollutvalet ingen andre merknader til Suldal kommune sin rekneskap anna enn det som går fram av revisor sitt årsoppgjørsnotat og revisjonsmeldinga.

Sand, 30.04.19

Vanja Ignjatic
Leiar av kontrollutvalet

Kopi: Formannskapet i Suldal

Kommunestyret i Suldal
post@Suldal.kommune.noKopi:
Kontrollutvalget,
Formannskapet, Administrasjonssjef
AdministrasjonssjefenHaugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKSMottatt dato: 23.04.19
Journalført: 19/126/094
Arkivkode: 212**UAVHENGIG REVISORS BERETNING 2018 SULDAL KOMMUNE****Uttalelse om revisjon av årsregnskapet***Konklusjon*

Vi har revidert Suldal kommunes årsregnskap som viser kr 364 626 635 til fordeling drift og et regnskapsmessig mindreforbruk på kr 13 460 388. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2018, driftsregnskap, investeringsregnskap og økonomiske oversikter for regnskapsåret avsluttet per denne datoen, og noter til årsregnskapet, herunder en beskrivelse av vesentlige anvendte regnskapsprinsipper.

Etter vår mening er det medfølgende årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir en dekkende framstilling av den finansielle stillingen til Suldal kommune per 31. desember 2018, og av resultatet for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjon

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i *Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet*. Vi er uavhengige av kommunen slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon

Administrasjonssjefen er ansvarlig for øvrig informasjon. Øvrig informasjon består av informasjon i kommunens årsrapport, men inkluderer ikke årsregnskapet og revisjonsberetningen.

Vår uttalelse om revisjonen av årsregnskapet dekker ikke øvrig informasjon, og vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese øvrig informasjon med det formål å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom øvrig informasjon og årsregnskapet, kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen, eller hvorvidt den tilsynelatende



inneholder vesentlig feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon, er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Administrasjonssjefens ansvar for årsregnskapet

Administrasjonssjefen er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir en dekkende fremstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal regnskapsskikk i Norge. Administrasjonssjefen er også ansvarlig for slik intern kontroll han finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeider vi oss en forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av kommunens interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskaps-estimatene og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av administrasjonssjefen er rimelige.
- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapet gir uttrykk for de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir en dekkende fremstilling.

Vi kommuniserer med kontrollutvalget og administrasjonssjefen blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og til hvilken tid revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.



Uttalelse om øvrige lovmessige krav

Konklusjon om budsjett

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at de disposisjoner som ligger til grunn for årsregnskapet i det alt vesentlige er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpene i årsregnskapet stemmer med regulert budsjett.


Konklusjon om årsberetningen

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av kommunens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringskikk i Norge.

Stavanger, 15.04.2019
Rogaland Revisjon IKS


Tore Kristensen
Registrert revisor



3

Til
Kommunestyret i Suldal kommune

Haugaland
Kontrollutvalgsssekretariat IKS

Mottatt dato: 23.04.19
Journalført: 19/127/096
Arkivkode: 212

ÅRSOPPGJERSNOTAT 2018

Innleiing

Kommunelovas reglar om tilsyn, kontroll og revisjon går fram av kommunelova kapittel 12. Revisors oppgåver følgjer av lova § 78 og eiga forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar mv., og kan oppsummerast slik:

- Gjennomføre rekneskapsrevisjon
 - ✓ Vurdere om årsrekneskapen er avlagt i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk
 - ✓ Sjå etter at årsrekneskapen stemmer med budsjett eller andre gyldige vedtak
 - ✓ Vurdere om opplysningane i årsmeldinga er konsistente med årsrekneskapen
 - ✓ Vurdere om kommunen har oppfylt sine plikter med omsyn til tilfredsstillande registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar
 - ✓ Sjå etter at kommunen har ordna den økonomiske internkontrollen på ein trygande måte
 - ✓ Bidra til å førebygge og avdekke økonomisk utruskap og feil. Dersom økonomisk utruskap vert avdekka, skal kontrollutvalet straks få melding om det.
- Utføre forvaltningsrevisjon og selskapskontroll etter bestilling frå kontrollutvalet.

Resultata av rekneskapsrevisjonen er rapportert i vår revisjonsmelding datert 15.04.2018.

Denne rapporten gjer ei oppsummering av årets revisjon og knyter ein del merknader til den framlagte årsrekneskapen og årsmeldinga.

Den økonomiske situasjonen

Driftsrekneskapen for 2018 viser eit netto driftsresultat på 61,5 mill. kr, som svarer til 10,7 % av driftsinntektene. Dette er ei auke av netto driftsresultat med 13,3 mill. kr i høve til 2017, då dette utgjorde 48,2 mill. kr eller 8,9 % av driftsinntektene. Budsjettert netto driftsresultat var på 46,5 mill. kr

Hovudårsaka til det gode resultatet er blant anna ein utbetaling frå havbruksfondet på 12,4 mill. kr. Tilsvarande inntekt i 2017 var på 0,3 mill. kr. Det er og ein auke i høve budsjett på ein rekke inntekstpostar som blant anna sal av konsesjonskraft med 2,5 mill. kr, skatt og rammetilskot med 0,6 mill. kr, ekstra uttak frå Suldal Elverk med 4 mill. kr og ein reduksjon i pensjonsutgifter med 3,5 mill.kr. Sjå fleire detaljer i kommunen si årsmelding.



Teknisk beregningsutval har gjennomført berekninger og anbefalt at netto driftsresultat i kommunesektoren minst bør utgjøre 1,75 % av driftsinntektene. Resultatet i Suldal for 2018 ligger vesentlig over dette nivået.

Det kan vere vanskeleg å samanlikne ein kraftkommune som Suldal mot måtalet på 1,75 %, då det er enkelte relativt store postar som inngår i netto driftsresultat, som ein ikkje finn i ein vanleg kommune. Dette gjeld dei inntektsførte konsesjonsavgiftene som skal brukast til særskilte føremål. I 2018 er det motteke ca. 33 mill. kr i konsesjonsavgifter og det er avkastning på fondsmidlane med ca. 1,05 mill. kr. Ca. 9,3 mill. kr er brukt i drift og gitt som tilskot, og 16 mill. kr er overført til investeringsrekneskapen. Det resterande er satt av til fond. Jfr. note 19.

Eigenkapitalen utgjør ved årets utgang 996 mill. kr. Den eigenkapitalfinansierte delen av eidelane er på ca. 46 %.

Den frie eigenkapitalen i form av disposisjonsfond og rekneskapsmessig mindreforbruk er på 182 mill. kr. Noko av dette er allereie disponert. Det visast elles til fyldig og god omtale i årsmeldinga av både den økonomiske situasjonen og tenestetilbodet.

Kommunens eigenkontroll

Det overordna ansvaret for kontroll og tilsyn i kommunen ligg til kommunestyret, jf. kommunelova § 76. Administrasjonssjefen skal i samsvar med § 23 sjå til at administrasjonen er gjenstand for tryggande kontroll, og har dermed det operasjonelle ansvaret for at interne styringsprosessar og kontrollar er etablert og at dei fungerer tilfredsstillande.

Kontrollutvalet er dei folkevalde sitt reiskap for kontroll og tilsyn, og utøvar sin kontrollfunksjon via forvaltningsrevisjon og selskapskontroll som utvalet sjølv har bestilt, i tillegg til den lovbestemte rekneskapsrevisjonen. I denne revisjonsrapporten vil resultata av desse kontrollane kort bli oppsummert. Vi vil innleiingsvis peike på at hovudføremålet med revisjonen er å vere kontrollutvalets forlenga arm idet å utøve kontroll og tilsyn. Samstundes er det vår målsetting at våre revisjonsrapportar – enten det er forvaltnings- eller rekneskapsrevisjon – skal vere til nytte for dei folkevalde så vel som administrasjonen.

Den mest sentrale delen av kommunens eigenkontroll er likevel administrasjonens interne kontroll. Denne blir omtalt nedanfor.

Rekneskapsframlegg

Rekneskap og årsmelding er avlagt i samsvar med lov, forskrift og god kommunal regnskaps-skikk.

Kommunens årsrekneskap og årsmelding gjer eit oversiktleg bilde av den økonomiske situasjon og drifta.

Rapportering med budsjettoppfølging vart lagt fram for kommunestyret 18.05.2018 (1. tertialrapport) i sak 038/18 og 24.09.2018 (2. tertialrapport) i sak 055/18. Vi har på stikkprøvebasis kontrollert at budsjettvedtak er korrekt registrert og vurdert andre budsjettendringar utan at det er avdekka feil eller avvik.

Rekneskapsrevisjon

Rekneskapsrevisjon består av ei vurdering av interne kontrollrutinar, analysar av rekneskapsinformasjon samt testar av rekneskapsopplysningar på transaksjonsnivå. Vesentlege rutinar i kommunen har blitt gjennomgått og interne kontrollar testa. Inntekter og utgifter er kontrollert på stikkprøvebasis, og alle vesentlege postar i balansen har blitt gjennomgått.

Rekneskapsrevisjonen er utført i samsvar med kommunelova med forskrift og god kommunal rekneskapsskikk, inkludert internasjonale revisjonsstandardar – *International Standards on Auditing*.

Vurdering av intern kontroll

Med intern kontroll meinast i denne samanhengen alle aktivitetar som er satt i verk for å sikre at dei fastsette måla blir nådd. Ein sentral føresetnad for at den interne kontrollen skal vere tilfredsstillande, er at den er godt forankra på leiarnivå. Budsjettdisiplinen er god. Det er ingen budsjettoverskridingar på rammeområdene. Budsjettoppfølging er eit av de viktigaste styringsinstrumenta ei kommuneleing har, og det er derfor særskild viktig at den fungerer tilfredsstillande.

Andre viktige element i den interne kontrollen er at økonomirutinar og fullmakter er kjent i organisasjonen, og at det skapast forståing for betydninga av kontrollar i alle ledd. Oppdaterte rutineoversikter som er lett tilgjengelege, vil etter vårt skjønn bidra til å førebygge både bevisste og tilfeldige feil, samstundes som det vil sikre kontinuitet i kontrollarbeidet ved fråvær så vel som utskifting av personell.

Hovudinntrykket er at Suldal kommune i det vesentlegaste har tilfredsstillande rutinar på dei fleste områda, som lønn, kjøp av varer og tenester, inntekter frå brukarbetalingar og overføringar. På enkelte områder er dei som andre mindre kommunar sårbare for tap av nøkkelpersonar. Under følgjer oppsummering av dei mest sentrale kontrollane som er gjennomført i 2018.

Rutinane på lønnsområdet fungerer i all hovudsak tilfredsstillande. Fastlønnskontrollen er under utvikling slik at virksamhetsleiarane no skal krysse av for at lønnsjournal er kontrollert før utlønning.

Kontroll av rutine for refusjon sjukepengar avdekka ingen feil eller manglar.

Ved eit tilfelle mangla politiattest og taushetserklæring på ein tilsett i barnehage. Utover dette vart det ikkje avdekka vesentlege feil eller manglar i lønnsrutinane.

Innkjøpsrutinen blir gjennomgått regelmessig av oss i samband med dei terminvise momskompensasjonskrava. Rutinane fungerer tilfredsstillande. Det blir avdekka enkelte feil som blir korrigert før krava sendast inn. Kommunen er innklaga til KOFA (Klageorganet for offentlege anskaffingar) i ein sak i 2018. Saka blei avvist frå KOFA i 2019.

Våre stikkprøvekontrollar av etterleving av lov om offentlege anskaffingar har avdekka ein anskaffing utan konkurranse og protokoll. Utover dette vart det ikkje avdekka vesentlege feil eller manglar i rutinane.

Salsrutinar for tekniske avgifter, eigenbetaling pleie og omsorg, SFO og kulturskule er kontrollert utan at det er avdekka vesentlege feil eller avvik i utfakturering. For foreldrebetaling barnehage blei det avdekka enkelte tilfelle kor barn hadde redusert antal dagar, men blei fakturert for full plass. Feila er korrigert og inntektene vurderast å vera fullstendige.

Rutinane for sakshandsaming teknisk fungerer og tilfredsstillande, men det er registrert ein sak med fristoverskriding og ein sak med feil handsaming som både førte til mindre gebyrtap.

Inntektene frå kino, bowling og annan kultur er på total ca. 1,5 mill. kr mot 1,7 mill. kr året før. Isolert sett er det ein auke i inntektene på kino og bowling, men ein reduksjon i inntekta på Kulturhuset.

Inntekter frå eigenandelar og sal av materiell ved legekontoret er avstemt mot legesystemet utan at det er avdekka vesentlege avvik.

På *overføringsområdet* er tilskot til lag og foreiningar kontrollert utan merknader. Utgiftene er omtrent likt budsjett. Rutinane innanfor sosial og barnevern fungerer tilfredsstillande, men inntektsopplysningane er ikkje alltid dokumentert ved utbetaling av sosialhjelp. Me anbefaler at siste tilgjengelege skattemelding blir innhenta.

Kommunens andel av innbetalt skatt er feil anordna frå 2017 og har medført at inntekta er kr 312 997 for lav i rekneskapen i 2018.

Likvidområdet er gjennomgått. Kassaoppgjør, bankkonti og renteinntekter er kontrollert mot kassatellingar og årsoppgåver frå bankar og funnet i orden. Internkontrollen fungerer tilfredsstillande sjølv om det ikkje er full arbeidsdeling mellom bankavstemming, bankfullmakt og bokføring.

Arsregnskapet

Driftsrekneskapen

Driftsrekneskapen er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på 13,5 mill. kr. Inntekter og utgifter, anordningar og bruk av fond er kontrollert dels ved analytiske handlingar, dels ved stikkprøver av detaljtransaksjonar. Avdekka, ikkje korrigerte feil utgjer nå ca. 53 000 kr. og anses som uvesentleg.

I 2018 er rekneskapen godskrive med ca. 13,6 mill. kr i positivt premieavvik. Ein feil i bokføring av premieavviket gjer at det er inntektsført 1,3 mill. kr for mykje. Tilbakeføring av fjorårets premieavvik er på ca. 11,6 mill. kr, slik at netto premieavvik/amortisering av tidlegare års avvik er positivt med ca. 0,7 mill. kr. Dette påverkar netto driftsresultat tilsvarande, men er gjort opp med avsetning/bruk av disposisjonsfond slik at det ikkje påverkar mindreforbruket.

Det er totalt avsett ca. 1,4 mill. kr for lite til disposisjonsfond i høve kommunestyrets vedtak. Dette er ein feil som ikkje påverkar ikkje netto driftsresultat, men resultatet på botnlinja med eit tilsvarande beløp.

Kommunens sjølvkostområder innanfor vann, avløp feiing, oppmåling, byggesak og arealplanlegging visar eit totalt underskot på ca. 8,5 mill. kr. Isolert sett gjekk området for feiing med overskott på 185 750. Mindreforbruket skulle vore avsett til bunde fond og medfører at resultatet er tilsvarande for høgt i rekneskapen. Alle sjølvkostfond er brukt opp og det resterande underskotet blir dekkja opp av kommunens frie midlar.

Tilskottet for ressurskrevjande tenester er i rekneskapen estimert til ca. 4,9 mill. kr og innsendt krav er 5,1 mill. kr Det er inntektsført for lite i rekneskapen med 212 000 kr. Dette anses ikkje som ein feil, då det er beste estimat som er inntektsført ved tidspunkt for avlegging av rekneskapen.

Investeringsrekneskapen

Årets investeringsutgifter er på 92,3 mill. kr mot eit budsjett på 98,4 mill. kr. Av årets utgifter er ca. 52,5 mill. kr finansiert ved bruk av lån. Ubrukte lånemidler per 01.01 utgjorde ca. 115,7 mill. kr og kommunen har ikkje tatt opp nye lån i 2018. Ubrukte lånemiddel per 31.12 utgjør 63,3 mill. kr.

Det er ført kostnader på enkelte prosjekt utan budsjett. Dette bør budsjettkorrigert i løpet av året. Investeringsbudsjettet er eit *årsbudsjett*, som inneberer at finansieringa av investeringsprosjekt som går over fleire år, må vedtakast på nytt kvart år.

Det er ført kostnader på opparbeiding av reguleringsplanar. For at slike kostnader skal kunne førast i investeringsrekneskapen må dei ha ein nær tilknytning til kommunale investeringar og ikkje vera av generell karakter. Ut over nokre mindre kostnader på reguleringsplanar har vår gjennomgang av investeringsrekneskapen ikkje avdekket vesentlege beløp som etter vår vurdering burde vore ført i driftsrekneskapen. Det er særleg skiljet mellom kva som er vedlikehald (som skal førast i driftsrekneskapen), og kva som er oppgradering (som skal i investeringsrekneskapen), som kan vere vanskeleg. Det kritiske punktet i denne samanheng, er at det berre er investeringsutgifter som kan finansierast med lån. Alle andre utgifter må dekkast av driftsinntektene.

Kommunen har seld eigedommar for ca. 2,5 mill. kr. Dei selde eigedommane er ikkje fjerna frå kommunens anleggsmodul eller balanse då dei ikkje er aktivert her frå før. Salssummen inngår som ein del av finansieringa i investeringsregnskapet.

Det er kontrollert at utgifter i investeringsregnskapet er aktivert i balansen utan avvik.

Balansen

Alle vesentlege balansepostar er verifisert per 31.12.2018. Revisjonen bygger i stor grad på kommunens egne avstemmingskontrollar. Det visast til bokføringslova § 11 som krev at alle balansepostar skal vere dokumentert, med mindre dei er ubetydelege.

Leverandørgjeld over 90 dagar er 11,6 mill. kr. Storparten gjeld ein tvistesak om bygging av Suldal bad slik at fleire fakturaer står del eller heilt ubetalt.

Det er i løpet av året avsett ca. 1,6 mill. kr til moglege tap på krav. Avsetninga for moglege tap på krav er no på ca. 3,6 mill. kr kor ca. 3,2 mill. kr gjeld usemje om eigedomsskatt til Statnett. Avsetninga vurderast som tilstrekkeleg.

Fordring på refusjon sjukepengar inneheld enkelte mindre differansar frå 2017 og 2016. Me anbefalar at kommunen gjennomgår og ryddar opp i dei eldre differansane

Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll

Kontrollutvalet gjer bestillingar av forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i samsvar med plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016-2019.

Gjennom året har revisjonen levert eit prosjekt innan oppfølging av politiske vedtak. Det er også levert inn prosjekt innan innsparing, effektivisering og forenkling.

Vedtak i sentrale organ er gjennomgått i løpet av året.

Attestasjonar

Vi har attestert meirverdiavgiftskompensasjonskrava for seks terminar i 2018. I tillegg har vi attestert rapporteringa av ressurskrevjande tenester, antal psykisk utviklingshemma, fleire spelemiddelrekneskap, tilskot til involvering av fastlegar i tverrfaglege oppfølgingsteam, tilskot til kommunale kompetanse og innovasjonstiltak i helse og omsorgs tenestene, med fleir.

Vi har og undersøkt nokre meirverdiavgifts- og rekneskap spørsmål for kommunen.

Kommunen har uteståande spelemidlar for Suldal badeanlegg på kr 5 mill. frå 2017 og 6. mill. kr for 2018.

Kommunale føretak

Suldal kommune har eit kommunalt føretak – Suldal elverk KF. Årsoverskotet etter skatt for 2018 var på 15,5 mill. kr og eigenkapitalen var på 209 mill. kr. Rekneskapen er per 15.04.19 ikkje ferdig revidert då det ikkje er levert innan lovens frist. I 2018 er det utbetalt kr 9 mill. i utbytte til kommunen. Det er ikkje avsatt utbytte per 31.12.2018. Elverket blir omdanna til aksjeselskap i 2019 og blir då seld og fusjonert med Haugaland kraft.

Økonomisk utruskap

Revisor plikter i samsvar med revisjonsforskrifta § 4 å rapportere økonomisk utruskap til kontrollutvalet med kopi til administrasjonssjefen. Me har ikkje avdekka eller fått melding om slike hendingar i 2018.

Etisk reglement er vedtatt den 18.06.2013.

Betinga forpliktingar og hendingar etter balansedagen

Administrasjonssjef og økonomisjef har gjennom sine underskrifter på fråsegna datert 15.04.2018, stadfesta at vi har fått tilgang til alle opplysningar som er relevante for årsrekneskapen. Det er tvist om to eigedomsskattesakar og det er tatt høgde for at desse kan føre til økonomisk tap for kommunen.

Pga. feil/manglar ved Suldal bad har kommunen haldt igjen eit beløp på ca. 11 mill. kr.

Bortsett frå dette er me ikkje kjende med at det skal føreligge forhold med verknad for årsrekneskapen som det ikkje er tilfredsstillande informert om.

Konklusjon – revisjonsmeldinga

Rekneskapen inneheld avdekka ikkje korrigererte feil på ca. kr 53 000. Bortsett frå dette har me gjennom vår revisjon oppnådd tryggande sikkerheit for at rekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil. Gjennomgang av budsjettoppfølging, årsrapport og bokføringsrutinar har heller ikkje avdekka vesentlege avvik. Vi gjev derfor ei revisjonsmelding med positive konklusjonar på alle disse områda.



Kontrollutvalet har etter kontrollutvalgsforskrifta § 8 ansvaret for å sjå etter at dei merknader revisor har gjort, blir følgde opp. Dette gjeld likevel ikkje merknader om betring og effektivisering av normal drift. For 2018 er det ikkje avdekket forhold som kontrollutvalet plikter å følgje opp.

Med helsing
Rogaland Revisjon IKS



Tore Kristensen
Registrert revisor

Kopi:
Administrasjonssjefen i Suldal kommune

DRIFTSREKNESKAP 2018

L	Rekneskapsskjema 1A	Rekneskap 2018	Budsjett (R) 2018	Budsjett (O) 2018	Rekneskap 2017
1	Skatt på inntekt og formue	100 435 946	95 800 000	94 800 000	95 375 128
2	Ordinært rammetilskot	110 668 914	114 725 000	114 725 000	112 856 331
3	Skatt på eigedom	103 890 871	103 690 000	103 300 000	107 908 715
4	Andre direkte eller indirekte skatter	78 592 787	75 735 562	70 946 000	75 336 447
5	Andre generelle statstilskot	31 410 988	32 366 300	18 482 083	23 709 519
6	Sum frie disponible inntekter	424 999 506	422 316 862	402 253 083	415 186 139
7	Renteinntekter og utbytte	16 057 164	14 976 841	12 325 000	12 673 906
8	Gevinst finansielle verktoy	4 603 512	3 000 000	1 500 000	4 870 371
9	Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter	5 359 810	5 932 000	5 932 000	5 178 820
10	Tap finansielle verktoy	6 229 282	-	-	1 654 723
11	Avdrag på lån	21 397 540	22 335 000	22 335 000	19 631 600
12	Netto finansinntekter/-utgifter (minus=utgift)	-12 325 956	-10 290 159	-14 442 000	-8 920 866
13	Til dekning av tidligere års rekneskapsmessige meirforbruk	-	-	-	-
14	Til ubundne avsetninger	68 084 372	73 322 915	5 000 000	56 123 541
15	Til bundne avsetninger	13 369 601	13 212 176	50 000	23 230 341
16	Bruk av tidligere års rekneskapsmessige mindreforbruk	13 971 091	13 971 091	-	22 119 976
17	Bruk av ubundne avsetninger	23 576 724	30 287 196	7 426 372	28 320 136
18	Bruk av bundne avsetninger	12 417 243	12 296 035	3 212 480	9 196 738
19	Netto avsetninger (minus er netto avsetning)	-31 488 915	-29 980 769	5 588 852	-19 717 032
20	Overført til investeringsrekneskapet	16 558 000	16 558 000	16 000 000	14 501 067
21	Til fordeling drift	364 626 635	365 487 934	377 399 935	372 047 174
22	Sum fordekt til drift (fra skjema 1B)	351 166 247	365 487 934	377 399 935	358 076 083
23	Rekneskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk	13 460 388	-00	-00	13 971 091

	Rekneskapsskjema 1B	Rekneskap 2018	Budsjett (R) 2018	Budsjett (O) 2018	Rekneskap 2017
26	Rammeområde formannskapet				
27	Formannskapet utgifter	56 305 610,42	62 694 695	72 853 914	54 684 352,00
28	Formannskapet inntekter	-9 033 214,50	-5 481 753	-1 022 510	-3 450 967,00
29	Netto driftsramme	47 272 396	57 212 942	71 831 404	51 233 385
30	Rammeområde levekår				
31	Levekårsutvalet utgifter	319 638,62	327 269	441 204	247 831,00
32	Levekårsutvalet inntekter	-5 409,15	-	0	-
33	Netto driftsramme	314 229	327 269	441 204	247 831
34	Rammeområde Oppvekst				
35	Oppvekst utgifter	125 502 429,57	121 714 234	111 025 274	123 279 753,00
36	Oppvekst inntekter	-27 132 386,01	-21 782 122	-14 339 994	-23 375 958,00
37	Netto driftsramme	98 370 044	99 932 112	96 685 280	99 903 795
38	Rammeområde Omsorg				
39	Omsorg utgifter	134 811 341,16	133 500 797	121 163 291	129 525 775,00
40	Omsorg inntekter	-25 677 921,15	-24 319 383	-17 288 498	-25 932 721,00
41	Netto driftsramme	109 133 420	109 181 414	103 874 793	103 593 054
42	Rammeområde Helse				
43	Helse utgifter	30 008 414,39	29 190 870	25 657 363	30 750 079,00
44	Helse inntekter	-10 878 865,27	-9 787 542	-7 234 710	-10 270 490,00
45	Netto driftsramme	19 129 549	19 403 328	18 422 653	20 479 589
46	Rammeområde Barnevern				
47	Barnevern utgifter	10 008 660,47	10 490 648	9 290 648	12 187 056,96
48	Barnevern inntekter	-172 796,02	0	0	-1 656 151,13
49	Netto driftsramme	9 835 864	10 490 648	9 290 648	10 530 906
50	Rammeområde NAV				
51	NAV utgifter	6 048 327,27	6 185 263	5 894 253	5 799 482,00
52	NAV inntekter	-489 894,67	-136 077	-31 000	-894 788,00
53	Netto driftsramme	5 558 433	6 049 186	5 863 253	4 904 694
54	Rammeområde Kultur				
55	Kultur utgifter	21 406 681,24	20 463 326	20 934 595	19 013 070,86
56	Kultur inntekter	-5 073 399,46	-3 591 471	-3 089 160	-4 700 944,85
57	Netto driftsramme	16 333 282	16 871 855	17 845 435	14 312 126
58	Rammeområde Introsenteret i Suldal				
59	Introsenteret utgifter	18 310 680,09	18 127 877	18 859 365	23 676 292,81
60	Introsenteret inntekter	-21 020 063,61	-20 839 192	-18 704 548	-26 678 192,00
62	Netto driftsramme	-2 709 384	-2 711 315	154 817	-3 001 899
63	Rammeområde LMT-utvalet				
64	LMT-utvalet utgifter	84 989 190,21	74 708 949	62 502 463	75 802 860,00

65 LMT-utvalet inntekter	-33 526 208,11	-22 649 258	-22 318 740	-30 777 546,00
66 Netto driftsramme	51 462 982	52 059 691	40 183 723	45 025 314
67 Rammeområde prosjekt				
68 Prosjekt integrering av flyktninger *	18 344 300,00	18 344 300	16 922 083	23 053 715,00
69 Utbetringstilskot	0,00	55 000	55 000	800 000,00
70 Sal av konsesjonskraft, netto	-29168495,59	-29 168 496	-12 075 358	-15401745
71 Netto næringsfondet	1 534 778,27	1 535 000	2 000 000	-3 132 206,00
72 Netto sosiallån	-182 993,02	5 000	5 000	-52 322,00
73 Amortisering Rogaland Fylke	-900000	-900 000	-900 000	-900000
74 Eigedomsskatt Hjelmeland	6 837 842,00	6 800 000	6 800 000	6 479 846,00
75 Netto driftsramme prosjekt	-3 534 568	-3 329 196	12 806 725	10 847 288
76 Netto driftsramme	351 166 247	365 487 934	377 399 935	358 076 083
77 Sum fordelt	351 166 247	365 487 934	377 399 935	358 076 083

INVESTERINGSREKNESKAP 2018

L	Rekneskapsskjema 2A	Rekneskap 2018	Budsjett (R) 2018	Budsjett (O) 2018	Rekneskap 2017
1	Investeringer i anleggsmidler	92 370 894,15	98 425 589	157 967 000	104 350 739,72
2	Utlån og forskutteringer	2 529 570,66	5 000 000	5 000 000	3 885 151,26
3	Kjøp av aksjer og andeler	1 603 291,00	1 600 000	1 600 000	1 726 465,00
4	Avdrag på lån	746 650,05	1 356 971	1 325 000	1 305 035,13
5	Dekning av tidligere års udekket	-	-	-	-
6	Avsetninger	362 202,25	-	-	-
	Årets finansierungsbehov	97 612 608	106 382 560	165 892 000	111 267 391
	Finansiert slik:				
7	Bruk av lånemidler	52 454 799,51	62 893 152	121 957 000	42 346 238,45
8	Inntekter fra salg av anleggsmidler	2 553 267,18	2 500 000	2 500 000	6 057 488,40
9	Tilskot til investeringer	-	0	0	5 814 707,51
10	Kompensasjon for merverdiavgift	15 994 673,56	14 387 262	21 210 000	16 480 690,55
11	Mottekne avdrag på utlån og refusjoner	5 575 821,86	5 616 000,00	4 225 000,00	2 761 720,84
12	Andre inntekter	47 900,00	-	-	145 236,72
	Sum ekstern finansiering	76 626 462	85 396 414	149 892 000	73 606 082
13	Overført fra driftsrekneskapet	16 558 000,00	16 558 000	16 000 000	14 501 067,00
14	Bruk av tidligere års udisponert	-	0	0	-
15	Bruk av avsetninger	4 428 146,00	4 428 146	0	23 160 241,64
	Sum finansiering	97 612 608	106 382 560	165 892 000	111 267 391
16	Udekket/udisponert	0	0	0	0
	Rekneskapsskjema 2B - investeringsrekneskap				
1	Formannskapet	92 370 894,15	98 425 589	157 967 000	104 350 739,72
2	Levekårsutvalet	-	0	0	-
3	LMT-utvalet	-	0	0	-
5	Sum investeringer i anleggsmidler	92 370 894	98 425 589	157 967 000	104 350 740

HOVEDOVERSIKT DRIFTSREKNESEKAPEN

L	Økonomisk oversikt - drift	Rekneskap 2018	Budsjett (R) 2018	Budsjett (O) 2018	Rekneskap 2017
	Driftsinntekter				
1	Bruker betalinger	16 555 321,90	17 030 426	17 011 059	16 250 089,08
2	Andre Salgs og leieinntekter	31 091 623,08	26 435 152	26 551 058	27 332 260,31
3	Refusjonar	67 553 722,40	47 601 260	24 444 960	64 027 455,26
4	Rammetilskot frå staten	110 668 914,00	114 725 000	114 725 000	112 856 330,59
5	Andre statlige tilskot	31 410 988,18	32 366 300	18 482 083	23 709 519,00
6	Andre overføringar	33 720 397,20	31 168 798	14 000 000	17 515 550,09
7	Inntekts- og formueskatt	100 435 945,85	95 800 000	94 800 000	95 375 127,62
8	Eigedomsskatt	103 890 870,70	103 690 000	103 300 000	107 908 714,89
9	Andre direkte og indirekte skattar	78 592 787,00	75 735 562	70 946 000	75 336 447,00
	Sum driftsinntekter	573 920 570	544 552 498	484 260 160	540 311 494
10	Driftsutgifter				
11	Lønsumtgifter	275 770 982,43	275 180 973	256 388 628	278 151 521,61
12	Sosiale utgifter	67 915 799,83	71 387 025	72 191 308	64 866 061,26
13	Kjøp av varer og tj. Som inngår i prod.	89 693 869,28	84 315 524	71 096 506	82 803 908,05
14	Kjøp av varer og tj som erstatter prod.	12 133 382,37	14 366 312	12 412 500	15 406 524,98
15	Overføringar	58 174 629,81	44 846 895	47 539 332	51 115 662,65
16	Avskrivningar	38 464 267,00	38 406 003	0	35 938 474,52
17	Fordelte utgifter	-3 849 783,10	-2 958 159	-2 221 262	-2 932 713,30
	Sum driftsutgifter	538 303 148	525 544 573	457 407 012	525 349 440
	Driftsresultat	35 617 423	19 007 925	26 853 148	14 962 054
18	Finansinntekter				
19	Renteinntekter og utbytte	16 057 164,27	14 976 841	12 325 000	12 673 906,03
20	Gevinst finansielle instrument	4 603 512,25	3 000 000	1 500 000	4 870 370,88
21	Mottekne avdrag på utlån	3 610 326,02	3 427 000	1 192 000	9 097 414,61
	Sum eksterne finansinntekter	24 271 003	21 403 841	15 017 000	26 641 692
22	Finansutgifter				
23	Renteutgifter og låneomkostningar	5 359 810,28	5 932 000	5 932 000	5 178 819,60
24	Tap finansielle instrument	6 229 282,10	0	0	1 654 723,24
25	Avdrag på lån	21 397 540,00	22 335 000	22 335 000	19 631 600,00
26	Sosial og næringsutlån	3 858 757,13	4 012 000	3 192 000	2 887 886,86
	Sum Eksterne finansutgifter	36 845 390	32 279 000	31 459 000	29 353 030
	Resultat ekst. finanstransaksjonar	-12 574 387	-10 875 159	-16 442 000	-2 711 338
27	Motpost avskrivningar	38 464 267,00	38 406 003	0	35 938 474,52
	Netto driftsresultat	61 507 303	46 538 769	10 411 148	48 189 190
	Interne finanstransaksjonar				
28	Bruk av udisponert fra tidligere år	13 971 091,10	13 971 091	0	22 119 975,64
29	Bruk av disposisjonsfond	23 576 723,55	30 287 196	7 426 372	28 320 135,83
30	Bruk av bundne fond	12 417 243,00	12 296 035	3 212 480	9 196 737,90
	Sum bruk av avsetjinger	49 965 058	56 554 322	10 638 852	59 636 849
31	Overført til inv rekneskapet	16 558 000,00	16 558 000	16 000 000	14 501 067,00
32	Avsett til dekning frå tidligere år	-	0	0	-
33	Avsett til disposisjonsfond	68 084 372,10	73 322 915	5 000 000	56 123 540,60
34	Avsett til bundne fond	13 369 600,75	13 212 176	50 000	23 230 341,08
	Sum avsetjinger	98 011 973	103 093 091	21 050 000	93 854 949
	Udisponert over-/underskot	13 460 388	-00	-00	13 971 091

HOVUDOVERSIKT INVESTERINGSREKNESKAP

	INVESTERINGSREKNESKAP	Rekneskap 2018	Budsjett (R) 2018	Budsjett (O) 2018	Rekneskap 2017
Inntekter					
1	Salg av driftsmidler og fast eigedom	2 553 267,18	2 500 000	2 500 000	6 057 488,40
2	Andre salgsinntekter	47 900,00	0	0	145 236,72
3	Refusjonar	4 083 620,29	4 291 000	2 900 000	1 347 805,60
4	Kompensasjon for meirverdiavgift	15 994 673,56	14 387 262	21 210 000	16 480 690,55
5	Statlige overføringer	0,00	0	0	0,00
6	Andre overføringer	0,00	0	0	5 814 707,51
7	Renteinntekter og utbytte	0,00	0	0	0,00
	Sum Inntekter	22 679 461	21 178 262	26 610 000	29 845 929
Utgifter					
8	Lønsutgifter	706 989,49	0	0	689 170,36
9	Sosiale utgifter	209 231,41	0	0	339 576,91
10	Varer og tjenester i komm.eigenprod	76 286 265,28	98 142 878	157 467 000	87 784 280,36
11	Kjøp av tjenester som erstattar eigenprod.	0,00	0	0	0,00
12	Overføringer	16 092 690,37	282 711	500 000	16 578 707,36
13	Renteutgifter og omkostningar	0,00	0	0	0,00
14	Fordelte utgifter	-924 282,40	0	0	-1 040 995,27
	Sum Utgifter	92 370 894	98 425 589	157 967 000	104 350 740
Finanstransaksjonar					
15	Avdrag på lån	746 650,05	1 356 971	1 325 000	1 305 035,13
16	Utlån	2 529 570,66	5 000 000	5 000 000	3 885 151,26
17	Aksjekjøp	1 603 291,00	1 600 000	1 600 000	1 726 465,00
18	Dekning av tidlegare års udekka	0,00	0	0	0,00
19	Avsett til ubundne investeringsfond	0,00	0	0	0,00
20	Avsett til bundne fond	362 202,25	0	0	0,00
	Sum Finanstransaksjonar	5 241 714	7 956 971	7 925 000	6 916 651
	Finansleringsbehov	74 933 147	85 204 298	139 282 000	81 421 462
Dekka slik :					
21	Bruk av lån	52 454 799,51	62 893 152	121 957 000	42 346 238,45
22	Salg av aksjer	0,00	0	0	0,00
23	Mottekne avdrag	1 492 201,57	1 325 000	1 325 000	1 413 915,24
24	Overført frå driftsrekneskapet	16 558 000,00	16 558 000	16 000 000	14 501 067,00
25	Bruk av tidligere års udisponert	0,00	0	0	0,00
26	Bruk av disposisjonsfond	4 396 175,00	4 396 175	0	23 160 241,64
27	Bruk av bundne fond	0,00	31 971	0	0,00
28	Bruk av ubundne investeringsfond	0,00	0	0	0,00
29	Bruk av bundne investeringsfond	31 971	0	0	0
	Sum finansiering	74 933 147	85 204 298	139 282 000	81 421 462
30	Udekka	0,00	0	0	0,00

BALANSEREKNESKAP				
HOVUDOVERSIKT BALANSEREKNESKAP	Rekneskap 2018	Pro andel	Rekneskap f år	Pro andel f år

EIGEDLAR

ANLEGGSMIDLAR	1 726 676 935,45	81	1 617 238 543,27	80
Fast eigendom og anlegg	947 058 543,22	55	892 172 385,55	55
Utstyr, maskinar og transportmidlar	21 664 831,32	1	19 431 914,75	1
Utlån	52 313 739,91	3	51 043 742,97	3
Pensjonsmidlar	678 636 691,00	39	629 190 661,00	39
Aksjar og andelar	27 003 130,00	2	25 399 839,00	2
OMLØPSMIDLAR	401 512 529,42	19	404 275 630,12	20
Premieavvik	13 652 597,00	3	11 633 212,00	3
Kortsiktige fordringar	37 115 812,12	9	23 208 709,47	6
Aksjar og andelar	24 555 553,28	6	28 171 100,67	7
Sertifikatar	-	-	-	-
Obligasjonar	91 319 051,12	23	86 646 089,39	21
Kasse, postgiro, bankinnskott	234 869 515,90	58	254 616 518,59	63
SUM EIGEDLAR (linje 1+3)	2 128 189 464,87	100	2 021 514 173,39	100

EIGENKAPITAL OG GJELD

BOKFØRT EIGENKAPITAL				
SUM BOKFØRT EIGENKAPITAL	996 075 369,80	47	885 923 725,87	43
Disposisjonsfond	168 753 947,15	17	128 642 473,60	15
Bundne driftsfond	57 394 915,87	6	56 442 558,12	6
Ubundne investeringsfond	1 798 365,80	0	1 798 365,80	0
Bundne investeringsfond	362 202,25	0	31 971,00	0
Rekneskapsmessige mindreforbruk	13 460 387,52	1	13 971 091,10	2
Rekneskapsmessige meirforbruk	-	-	-	-
Ikkje disponert investeringsrekneskapen	-	-	-	-
Udekket i investeringsrekneskapen	-	-	-	-
Kapitalkonto	758 921 965,23	76	689 653 680,27	78
Prinsippavvik	-4 616 414,02	-0	-4 616 414,02	-1
GJELD				
LANGSIKTIG GJELD	1 038 813 835,82	49	1 051 082 830,87	53
Pensjonsforplikting	728 778 900,00	70	718 903 705,00	68
Ihendehavarobligasjonar	-	-	-	-
Sertifikatlån	-	-	-	-
Andre lån	310 034 935,82	30	332 179 125,87	32
KORTSIKTIG GJELD	93 300 259,25	4	84 507 616,65	4
Kassakreditt	-	-	-	-
Anna kortsiktig gjeld	93 300 259,25	100	84 507 616,65	100
Premieavvik	-	-	-	-
SUM GJELD OG BOKFØRT EIGENKAPITAL	2 128 189 464,87	100	2 021 514 173,39	100
MEMORIAKONTO				
Ubrukte låmemidlar	63 259 635,52		115 714 435,03	
Andre memoriakonti	-		-	
Motkonto for memoriakonti	-63 259 635,52		-115 714 435,03	

NOTER TIL REKNESKAPEN 2018

Noter med krav i rekneskapsforskrift:

- Note 1: Arbeidskapital
- Note 2: Pensjoner
- Note 3: Garantiansvar
- Note 4: Fordringer og gjeld til kommunale føretak, bedrifter og samarbeid
- Note 5: Aksjar og andeler i varig eie
- Note 6: Avsetning og bruk av fond
- Note 7: Kapitalkonto
- Note 8: Sal av finansielle anleggsmidler
- Note 9: Interkommunalt samarbeid etter kommuneloven § 27

Andre noter iht. god kommunal regnskapsskikk (GKRS bestemte):

- Note 10: Spesifikasjon av vesentlige poster i regnskapet
- Note 11: Vesentlige transaksjonar
- Note 12: Anleggsmidler
- Note 13: Investeringsoversikt
- Note 14: Marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar
- Note 16: Langsiktig gjeld og avdrag
- Note 18: Rekneskapsmessig meirforbruk/ mindre forbruk...
- Note 19: Bruk av konsesjonsavgifter og avkastning næringsfondet
- Note 20: Sjølvkostområde
- Note 21: Antall årsverk og ytingar til leiende personar og revisor

Andre aktuelle noter:

- Note 24: Utgiftsført estimert tap på krav
- Note 25: Netto driftsresultat
- Note 26: Organisering
- Note 27: Rekneskapsprinsipp mm

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	30.04.19	10/19
Kommunestyret	14.05.19	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	212	

SULDAL ELVERK KF – UTTALE TIL ÅRSREKNESKAPEN FOR 2018**Saksvedlegg:**

1. Framlegg til uttale frå kontrollutvalet til rekneskapen 2018
2. Uavhengig revisors beretning, dagsett 15.04.19 - frå Rogaland Revisjon IKS
3. Rekneskap 2018 – berre utdrag er vedlagt saka
4. Årsmelding 2018 for Suldal Elverk KF

Saksorientering:

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunale føretak sin årsrekneskap blir revidert på ein trygg måte, og under her til ei kvar tid halda seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at dette førgår i samsvar med dei vilkår som følgjer av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar, eller avtalar med revisor.

Når kontrollutvalet har fått framlagt revisjonsmeldinga frå revisor, skal utvalet gje uttale om årsrekneskapen til føretaket før han blir handsama av kommunestyret.

Kommunestyret i Suldal vedtok 13.12.18, sak 71/18 å fusjonere Suldal Elverk KF med Haugaland Kraft AS med verknad frå 01.01.19. Suldal Elverk KF vart omdanna til Suldal Elverk AS, før dei ulike verksemdområda vart fusjonert inn i dei ulike dotterselskapa til Haugaland Kraft AS. Alle tilsette får behalde jobben og vart innplassert i ulike deler av Haugaland Kraft konsernet, dei fleste i Haugaland Kraft Nett AS.

Det er ikkje drift i Suldal Elverk KF i 2019. Dermed blir dette siste året utvalet handsamar særrekneskapen til Suldal Elverk KF.

Grunnlag for kontrollutvalet sin uttale

Grunnlaget for handsaminga i kontrollutvalet er den avlagde årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og styret si årsmelding.

Styret si årsmelding og årsrekneskap med notar

Rekneskapen og årsmelding vil bli godkjent av styret i Suldal Elverk KF. Signert regneskap vil bli lagt fram i møtet.

Rekneskapen for 2018 syner eit overskot på 15,5 millionar.

Årsmeldinga vil gjere nærare greie for resultatet og fordeling av dette på dei ulike avdelingane. Vidare merknader og forklaringar til rekneskapen går fram av årsmeldinga og notane til rekneskapen.

Generelt om innhaldet i ei revisormelding

Atterhald vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som påverkar revisor sin konklusjon på den totale rekneskapen. Presisering vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som ikkje påverkar revisor sin konklusjon om rekneskapen totalt.

I årsoppgjersbrev kan revisor komme med merknader om forhold som er av ein slik karakter at han finner grunnlag for å kommentere det/de.

Innhaldet i revisor si melding og årsoppgjersnotat:

Revisor si revisjonsmelding (beretning) følger vedlagt. Revisor skriv følgjande:

UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Daglig leder har ikke avgitt et årsregnskap og årsberetning for Suldal Elverk KF for regnskapsåret 2018 innen den frist som følger av forskrift om årsregnskap og årsberetning. Vi har følgelig ikke vært i stand til å utføre revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk innen fristen for å avgi revisjonsberetning 15. april, jf. forskrift om revisjon 5 5.

Denne revisjonsberetningen vil bli trukket tilbake når årsregnskap og årsberetning er avgitt og vi har fått tid til å gjennomføre de revisjonshandlinger vi finner nødvendige for å bekrefte årsregnskapet.

Meldinga frå revisor danner grunnlaget for om den oppfølginga kontrollutvalet eventuelt må foreta i medhald av føreskrifta § 8.

Kontrollutvalet har høve til å komme med kommentarar til særrekneskapen. Dersom kontrollutvalet ønskjer å komme med spesielle kommentarar til rekneskapen ut over framlegg til vedtak må desse innarbeidast i kontrollutvalet sitt vedtak.

Revisor jobbar med å ferdigstilla kontrollen av rekneskapen. Endeleg revisjonsberetning og årsoppgjersnotat vil venteleg bli lagt fram i møtet.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Suldal vedtek uttale til særrekneskapen til Suldal KF 2018 slik den ligg føre / med desse endringane / tilleggga.....

Aksdal, 23.04.19



Odd Gunnar Høie

Seniorrådgjevar/utvalssekretær

Til kommunestyret i Suldal

Kontrollutvalet sin uttale om Suldal Elverk KF sin årsrekneskap for 2018

Innleiing

Kontrollutvalet har i møte 30.04.19, sak 10/19 handsama Suldal Elverk KF sin særrekneskap for 2018.

Grunnlaget for uttalen

Grunnlaget for handsaminga har vore den avlagde særrekneskapen, revisjonsmeldinga, årsoppgjørssnotat og styret si årsmelding.

Kontrollutvalet sin uttale

Kontrollutvalet har merka seg at Suldal Elverk KF sin rekneskap for 2018 viser eit årsresultat på 15,5 mill. kr.

Under tilvising til utvalet si eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av føretaket sin verksemd for 2018 og for føretaket si økonomiske stode pr. 31.12.18.

Kontrollutvalet i Suldal har ingen merknader til Suldal Elverk sin særrekneskap ut over det som går fram av revisor sitt årsoppgjørssnotat og revisjonsmeldinga.

Sand, 30.04.19

Vanja Ignjatic
Leiar av kontrollutvalet

Kopi: Formannskapet i Suldal



Vår saksbehandler:
Tore Kristensen

Vår dato:
15.04.2019

Vår referanse:

Side:
1 av 3

Kommunestyret i Suldal
post@Suldal.kommune.no

Kopi:
Kontrollutvalget,
Formannskapet, Administrasjonssjefen

UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Daglig leder har ikke avgitt et årsregnskap og årsberetning for Suldal Elverk KF for regnskapsåret 2018 innen den frist som følger av forskrift om årsregnskap og årsberetning. Vi har følgelig ikke vært i stand til å utføre revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk innen fristen for å avgi revisjonsberetning 15. april, jf. forskrift om revisjon § 5.

Denne revisjonsberetningen vil bli trukket tilbake når årsregnskap og årsberetning er avgitt og vi har fått tid til å gjennomføre de revisjonshandlinger vi finner nødvendige for å bekrefte årsregnskapet.¹

Stavanger, 15.04. 2019
Rogaland Revisjon IKS

Tore Kristensen
Registrert revisor

¹ Dette avsnittet kan endres eller tas helt ut, avhengig av hvor sannsynlig revisor mener det er at regnskapet avlegges innen rimelig tid.

RESULTATREKNESKAP

SULDAL ELVERK KF

DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADAR	Note	2018	2017
Salsinntekt		130 760 748	110 699 121
Anna driftsinntekt		7 551 848	4 860 247
Sum driftsinntekter		138 312 597	115 559 368
Varekostnad		84 580 994	61 019 882
Lønskostnad	14	14 807 290	15 714 222
Avskrivning av driftsmiddel og immaterielle eigendeler	6	9 382 644	8 224 570
Anna driftskostnad	15	12 078 754	10 199 385
Sum driftskostnadar		120 849 683	95 158 059
Driftsresultat		17 462 914	20 401 309
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Renteinntekt frå foretak i samme konsern		0	4 923
Anna renteinntekt		158 236	125 285
Anna finansinntekt		21 117	403 258
Anna rentekostnad		-189 559	-181 163
Anna finanskostnad		-245 218	-8 087
Resultat av finanspostar		-255 424	344 215
Ordinært resultat før skattekostnad		17 207 490	20 745 524
Skattekostnad på ordinært resultat	13	1 672 198	2 265 670
Ordinært resultat		15 535 292	18 479 854
Årsresultat		15 535 292	18 479 854
OVERFØRINGAR			
Avsett til utbyte		0	5 000 000
Avsett til annan eigenkapital		15 535 292	13 479 854
Sum overføringar		15 535 292	18 479 854

BALANSE

SULDAL ELVERK KF

EIGENDELAR	Note	2018	2017
ANLEGGSMIDDEL			
IMMATERIELLE EIGENDELAR			
VARIGE DRIFTSMIDDEL			
Tomter, bygningar o.a. fast eigedom		174 911 870	172 867 411
Maskinar og anlegg		15 964 894	14 667 845
Driftsløsøre, inventar o.a. utstyr		4 432 531	3 400 086
Sum varige driftsmiddel	6	195 309 295	190 935 343
FINANSIELLE ANLEGGSMIDDEL			
Investeringar i aksjer og andeler	17	7 493 058	7 433 058
Kapitalinnskot KLP		1 595 343	1 458 185
Sum finansielle anleggsmiddel		9 088 401	8 891 243
Sum anleggsmiddel		204 397 696	199 826 586
OMLØPSMIDDEL			
Lager av varer og anna beholdning	4	4 505 013	5 238 926
FORDRINGAR			
Kundefordringar	16	23 054 175	25 493 632
Andre kortsiktige fordringar	16	773 213	604 528
Fordring mindreinntekt		376 000	0
Sum fordringar		24 203 388	26 098 159
INVESTERINGAR			
Plasseringar		0	3 267 913
Sum investeringar		0	3 267 913
Bankinnskot, kontantar o.l.	8	11 853 458	13 409 034
Sum omlaupsmiddel		40 561 860	48 014 033
Sum eigendelar		244 959 556	247 840 619

BALANSE

SULDAL ELVERK KF

EIGENKAPITAL OG GJELD	Note	2018	2017
INNSKOTEN EIGENKAPITAL			
OPPTENT EIGENKAPITAL			
Anna egenkapital	9	209 248 486	197 713 194
Sum opptent egenkapital		209 248 486	197 713 194
Sum egenkapital		209 248 486	197 713 194
GJELD			
AVSETNING FOR FORPLIKTINGAR			
Pensjonsforpliktingar	11	4 951 569	8 185 517
Utsett skatt	13	2 156 329	484 131
Sum avsetning for forpliktingar		7 107 898	8 669 648
ANNA LANGSIKTIG GJELD			
KORTSIKTIG GJELD			
Gjeld til kredittinstitusjonar		2 032 011	8 213 602
Leverandørgjeld	12	13 387 234	9 957 313
Betalbar skatt	13	0	751 371
Skuldig offentlege avgifter		12 153 897	11 856 272
Utbyte	10	0	5 000 000
Anna kortsiktig gjeld		1 030 030	5 679 220
Sum kortsiktig gjeld		28 603 172	41 457 778
Sum gjeld		35 711 070	50 127 426
Sum egenkapital og gjeld		244 959 556	247 840 619

Sand, _____ 2019
Styret i Suldal Elverk KF

Hans A. Eide
Styreleiar

Tone Marie Sand
Nestleiar

Berit Vestersjø
Styremedlem

Harald H. Løland
Styremedlem

Rolf Vidar Bersås
Styremedlem vald av tilsette

Tor Bjarne Smedsrud
Elverksjef

Årsmelding 2018 for Suldal Elverk KF

Om verksemda

Suldal Elverk KF er lokalisert i Suldal kommune som eit kommunalt føretak eigd av Suldal kommune. Selskapet vart skipa 16.9.1916 som Sand Kommunale Elektrisitetsverk. I samband med kommunesamanslåinga i 1965 vart dei andre einingane: Jelsa og Erfjord Ellag, Suldal Kommunale Elektrisitetsverk og Røldal og Øvre Suldal Kraftlag innlemma i det som no er Suldal Elverk. Administrasjonskontoret er lokalisert på Sand som er kommunesenteret.

Verksemda sin hovudaktivitet er knytt til drift av distribusjons- og regionalnett i Suldal og deler av Hjelmeland kommune, kraftomsetning, kraftproduksjon og drift av fibertenester. I tillegg har ein noko aktivitet knytt til anna verksemd, til dømes veglysarbeid. Den 13.12.2018 vedtok kommunestyret i Suldal kommune og fusjonere Suldal Elverk KF med Haugaland Kraft AS med verknad frå 01.01.2019.

Årets drift

I 2018 har administrasjonen fokusert på arbeidet med framtida til Suldal Elverk. Driftsavdelinga har fokusert på vedlikehald av straumnettet. Mange vedlikehaldsoppdrag er i fleire år skyvd framføre seg som følgje av høgt aktivitetsnivå i kommunen. Denne aktiviteten har medført mykje arbeid for Suldal Elverk, og vi har difor ikkje hatt kapasitet til å fokusere på alle driftsoppgåvene. Arbeidet med utskifting av målerane har halde fram i 2018. Mykje av restarbeidet for å oppnå kontakt med alle målerane er i stor grad gjennomført med egne montørar. Det er transportert 188,6 MWh i linjene tilhøyrande Suldal Elverk. 107,5 MWh er levert til sluttbrukarane, medan 6 MWh er tapt i overføringsnettet.

DLE gjennomførte tilsyn etter plan i 2018 og alt etterslep frå tidlegare er nå tatt inn.

Ikkje-levert energi utgjorde totalt 27,5 MWh. Total KILE kostnad vart kr. 1,1 mill. Det har vore få større driftsforstyringar i 2018 som følgje av lite uvær.

Det er investert for kr. 18,8 mill. i 2018. Anlegg under utføring utgjer kr. 1,7 mill. ved årsslutt.

Fortsatt drift

I samsvar med rekneskapslova § 3-3a vert det bekrefta at forutsetninga om framleis drift er til stades og at denne forutsetninga er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen.

Framtidig utvikling

I kommunestyret i Suldal kommune den 13.12.2018 vart det vedtatt å fusjonere Suldal Elverk KF med Haugaland Kraft AS med verknad frå 01.01.2019. Suldal Elverk KF vert omdanna til Suldal Elverk AS, før dei ulike verksemdområda vert fusjonert inn i deil ulike dotterselskapa til Haugaland Kraft AS. Alle tilsette vil behalde jobben sin og vert innplassert i ulike deler av Haugaland Kraft konsernet, dei fleste i Haugaland Kraft Nett AS.

Det er ikkje drift i Suldal Elverk KF i 2019.

Kommentarar til årsrekneskapen

Rekneskapen for 2018 viser ein omsetning på 138,3 mill. Hovuddelen av omsetninga kjem frå kraftomsetning (49%) og nettverksemda (37%). Driftsresultatet vart 17,5 mill. og alle områda innan verksemda viser positive driftsresultat. Resultat etter skatt vart 15,5 mill.

Totalkapitalen for verksemda var ved utgangen av året kr. 245 mill. Eigenkapitalen utgjorde kr 209 mill. Dette gir ein eigenkapitalandel på 85% for verksemda ved utgangen av året.

Styret kjenner ikkje til forhold som er viktige for å vurdere verksemda si stilling og årets resultat som ikkje framgår av rekneskapen og balansen med noter. Det er heller ikkje etter utgangen av rekneskapsåret oppstått forhold som etter styret sitt syn har betydning ved vurdering av rekneskapen.

Finansiell risiko

Suldal Elverk har låg risiko knytt til kraftpris då vi kjøper og sel vårt kraftbehov til spotpris. Elsertifikatplikta utgjer likevel ein viss risiko for Suldal Elverk, då denne kostnaden varierer med utviklinga på elsertifikata, medan inntektene er ein del av påslaget i straumprisen til kundane. Vi er noko eksponert for valutarisiko då både oppgjer for elsertifikat, kraftsal på kraftmarknaden og finansielle kontraktar vert oppgjort i utanlandsk valuta. Ein har rutinar for innveksling av valuta for å minimere valutarisikoen, og dette utgjer ein liten del av vår totale omsetning.

Arbeidsmiljø, likestilling og diskriminering

Styret ser på arbeidsmiljøet i selskapet som godt. Det er ikkje iverksatt spesielle tiltak i denne samanheng. Totalt sjukefråvær siste året har var 5,03%.

Suldal Elverk har som mål å være en arbeidsplass der det er full likestilling mellom kvinner og menn, og har ein personalpolitikk som skal være kjønnsnøytral på alle område. Selskapet hadde ved årets utløp 24 tilsette, 3 kvinner og 21 menn. Selskapet sitt styre består av 3 menn og 2 kvinner.

Miljørapportering

Selskapet driv ikkje verksemd som forureinar det ytre miljøet.

Årets resultat og disponeringar

I 2018 hadde verksemda eit resultat etter skattekostnad på kr 15 535 292 som vert føreslått disponert slik:

Disponering*	Beløp
Avsett til utbytte	0
Til annan eigenkapital	15 535 292
	<u>15 535 292</u>

*I generalforsamling 15.05.2018 vart det vedtatt ei ekstraordinær utbetaling av utbytte på kroner 4.000.000 basert på årsrekneskapen for 2017. Dette utbyttet er direkte belasta opparbeida eigenkapital i 2018.

Sand, xx.xx.2019
Styret i Suldal Elverk KF

Hans A. Eide
Styreleiar

Tone Mari Sand
Nestleiar

Berit Vestersjø
Styremedlem

Harald H.Løland
Styremedlem

Rolf Vidar Bersås
Styremedlem vald av dei tilsette

Tor Bjarne Smedsrud
Elverksjef